

Fra: Knut Røthing <kanutto1@me.com>
Sendt: onsdag 14. desember 2022 11:17
Til: Postmottak Alver; Per Sveinar Morsund
Kopi: Elise
Emne: 22-7558

Alver Kommune, Miljø og tilsyn
Saksbehandlar Per Sveinar Morsund

Knut Røthing Golten
Sæbøvågen 52
5938 Sæbøvågen

14.12.2022

Saknr: 22-7558

Viser til brev mottatt på Altinn 13.12.2022.

Eg har eit lite hobbyprosjekt i naustet, der eg har testa om det går an å generere straum frå bekken som drenerer bødane på Sæbø. Eg har eit rør som tek inn vatn frå eit høgt punkt i bekken og som ligg oppå marka vidare ned mot naustet. I naustet har eg ein liten generator. Dette er ikkje til hinder for nokon,

har ikkje gjort noko inngripen i naturen og kan enkelt fjernast. Sidan dette er veldig lite og naboane har blitt informert

om hobbyen min, vart eg litt overaska over at dette blir omtalt til dykk som eit småkraftverk.

Eg kan melde om at det ikkje er laga for slik effekt, til no har det

knapt generert straum i det heile og ikkje er å annsjå som noko vellykka prosjekt, endå.

Før eg starta det vesle prosjektet mitt leste eg meg opp på det eg fann av lovar og reglar og eg snakka med NVE.

Slik eg har tolka det er dette anlegget så lite at det ikkje går inn under det som er søknadspliktig, då det er å

annsjå som eit hobbyprosjekt. I tillegg blir vatnet henta i frå ein dreneringsbekk som ikkje er demt opp og er ikkje til hinder for

natur eller folk og andres fall rettar. Røret som er brukt er laga av ein gamal laksemerd og kan lett fjernast.

Dersom nokon meiner at dette er eit problem, er det synd. Eg håpar eg kan få fortsette å kosa meg med hobby-prosjektet mitt.

Om kommunen ønsker er de velkommen til å visitere på
Sæbøvågen 52.

Med venleg helsing
Knut Røthing Golten
97652680

Bilder i vedlagt







Helsing
Knut Røthing Golten
Sendt fra min iPhone